



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 04.02.2022
Vår ref.: 21/04356-21

Melding om vedtak i Voss heradsstyre, 03.02.2022, Sak 10/22, Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget- uttale til revisjonsdokument.

Heradsstyret har behandlet saken i møte 03.02.2022 sak 10/22

Møtebehandling

Erik Røthe Klette (Sp) bad om habilitetsvurdering då far hans er grunneigar ved Hamlagrøvatnet.

Björg Djukastein (Ap) bad om habilitetsvurdering då foreldra hennar er grunneigar ved Hamlagrøvatnet.

Dag Sandvik (SV) bad om habilitetsvurdering då far hans har hytte med utsikt til Hamlagrøvatnet.

Kaja Sudmann Mandelid (Ap) bad om habilitetsvurdering då mor hennar er grunneigar ved Hodnavatnet.

Heradsstyret fann samrøystes Klette, Djukastein, Sandvik og K.S. Mandelid gilde til handsaming av saka jf. Forvaltingslova § 6 andre ledd.

Framlegg til nytt punkt 4 frå Sveinung Klyve (Mdg):

Regulanten vert pålagt utsetjing av aure i Torfinnsvatnet og ved behov i Hamlagrøvatnet basert på regelbundne fiskartleggingar i vatna. Grunngjeving:

Torfinnsvatnet:

Det er ikkje naturleg gyting av aure i Torfinnsvatnet på grunn av kraftig regulering av vatnet. Dei seinare åra har regulanten Voss energi på frivillig basis sett ut fisk i vatnet. Dette har gjort at det i dag er svært fin fisk i vatnet. Fisken er på storleik ca 0,3-0,7 kg og raud og fin i kjøpet. Mange tek turen opp dit med fiskestonga for å få seg ein fin fiskeoppleving. Grunneigarar får også fin fisk på garn. Området er eit viktig friluftsområde med Voss Utferdslag si hytte Torfinnsheim og t-merka løype over Gråsida.



Hamlagrøvatnet:

Til tross for kraftig regulering har vatnet naturleg rekruttering av aure slik at bestanden i vatnet er stor nok til at ein ikkje treng setja ut fisk. Dette kan endra seg og regelbunde prøvefiske må difor utførast for å fylja med.

Votering

Røysta over tilleggspunkt frå Klyve: Samrøystes vedteke med 42 røyster.

Røysta over Utval for klima og miljø si innstilling: Samrøystes vedteke med 42 røyster.

Vedtak

Rapporten *Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services* frå FN sitt naturpanel syner at me står overfor ei naturkrise. Bevaring og restaurering av natur er i dag av langt større betydning enn då konsesjonane for kraftverka vart gjeve. Oppdateringen av raudlista her i Norge, er ein nasjonal påminning om dette. Me ber NVE tillegge naturverdiane avgjerande vekt i revisjonen.

Voss herad viser til saksutgreiinga og vil be om at:

1. Regulanten vert pålagt å utbetra habitattilhøva i den anadrome delen av Torfinno, tilpassa vassføringa etter reguleringa.
Regulanten bør i tillegg påleggjast å kosta tiltak i form av erstatningsbiotopar for laksen på eigna stader i Vosso.
2. Regulering av Hamlagrøvatnet er uendra:
 - a. naturleg vasstand 587,7 moh.
 - b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
 - c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten vert pålagt å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping).

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585 mot 584 som i dag.

Vatn frå Torfinnsvatnet må brukast for å understøtta slikt manøvreringsreglement.

3. Fiskefonda for innlandsfisk vert vidareført i den nye konsesjonen.
4. Regulanten vert pålagt utsetjing av aure i Torfinnsvatnet og ved behov i Hamlagrøvatnet basert på regelbundne fiskartleggingar i vatna. Grunngeving:

Torfinnsvatnet:

Det er ikkje naturleg gyting av aure i Torfinnsvatnet på grunn av kraftig regulering av vatnet. Dei seinare åra har regulanten Voss energi på frivillig basis sett ut fisk i vatnet. Dette har gjort at det i dag er svært fin fisk i vatnet. Fisken er på storleik ca. 0,3-0,7 kg og raud og fin i kjøpet. Mange tek turen opp dit med fiskestonga for å få seg ein fin fiskeoppleving. Grunneigarar får også fin fisk på garn. Området er eit viktig friluftsområde med Voss Utferdslag si hytte Torfinnsheim og t-merka løype over Gråsida.

Hamlagrøvatnet:



Voss herad

Til tross for kraftig regulering har vatnet naturleg rekruttering av aure slik at bestanden i vatnet er stor nok til at ein ikkje treng setja ut fisk. Dette kan endra seg og regelbunde prøvefiske må difor utførast for å fylja med.

Med vennleg helsing
Eldbjørg Lie Jørgensen
Politisk sekretær
Tlf: +47 901 19 256

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:
Saksutskrift - Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget- uttale til revisjonsdokument.

Mottakar:
Hermann Skjeldal, Evanger syd grunneigarlag
Vik kommune
STIFTELSEN VOSS KLEKKERI
Kvam herad
Vaksdal kommune
Vaksdal kommune
Statsforvaltaren i Vestland
Statsforvaltaren i Vestland
Sogn Naturforvaltning AS
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST
BOLSTADELVA AS
Vestland fylkeskommune
Arnfinn Djukastein
EVINY AS
Lars Torpe
MODALEN KOMMUNE